

Nytt bygg erstattar teltet i båthamna.

05.03.2017



Uskedal båtlag hadde årsmøte nyleg.

**14 medlemmer var til stades då Uskedal båtlag hadde årsmøte i Gamleskulen nyleg. I tillegg til dei vanlege årsmøtesakene som årsmelding, rekneskap og valg, var det også ein del andre saker. Den mest omfattande saka var at det vart vedteke at det no skal byggjast fast bygg på plata der det har vore eit stort partytelt dei siste somrane.**



På denne betongplata skal nybygget koma.

Både rekneskap og årsmelding vart godkjent, og valget gav som resultat at Hans Gustav Mussland held fram som formann. Med seg i styret får han Anja Strüter(kasserar), og styresmedlemene Jan Henrik Hansen, Jostein Hauso og Jonny Miljeteig. Jostein Hauso er ansvarleg for sluppen.

Varafolk til styret vart Johan Sunde og Leif Jarle Bergstø medan Espen Eik og Trond L. Myklebust vart vald til valnemnd.

Den største saka elles var altså nytt bygg på betongplata i hamna. Årsmøtet godkjende at det skulle søkjast midlar til bygg og at det skal førast opp. Årsmøtet vedtok også at det skal kjøpast inn 5 stk. nye straumsøyler.

Styret sette også fram forslag om at utleigeprisane for båtar over 31 fot vert auka til 6000 kroner for sommarhalvåret og 4000 kroner for vinterhalvåret. Dette vart vedteke. Det vart også sett fram benkeforslag om å auka prisen for gjestedøgn i hamna. Her vart det bestemt at ein skal undersøkja prisane i Rosendal og på Husnes før prisen vert bestemt endra.

Det vart også bestemt nye reglar for max storleik på båtane i hamna.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland